



Jentene får instruksar frå trenaren, Svein Ove Bråtun, i pausen under ein tidlegare kamp. (Foto: Thor Inge Døssland)

Denne helga skal lillejente-laget i fotball delta i Spar Haga Jenteturnering. Det er idrettslaget Trott som er arrangør, og turneringa føregår på idrettsanlegget Prestegardskogen på Rommetveit, Stord.

Turneringa, som er for aldersgruppa 10-14 år, og har 21 påmelde lag. Alle laga skal få spela minst 4 kampar. Uskedalen sitt lag møter Solid og Trott lørdag medan dei skal kjempa mot Harding og Trott Sitti i søndagskampane.

Lørdag etter kampslutt er det lagt opp til ei kosestund med pizza på Dolli Dimple. Det er framleis Gørill S. Eik og Svein Ove Bråtun som er trenarar for dette lovande jentelaget.